

**FRÅSEGN FRÅ ÅRSMØTE I SOGN OG FJORDANE VENSTRE
17 – 18. FEBRUAR 2007**

**Til
Storingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane**

**Energi – og miljøkomiteen, Stortinget
v/ komiteleiar Gunnar Kvasheim**

Fjern ubåtvraket ved Fedje!

Regjeringa har avgjort at ubåtvraket med 65 tonn kvikksølv om bord skal tildekkjast. Sogn og Fjordane Venstre er usamd i dette og vil at Stortinget syter for at vraket vert heva.

Å dekke til vraket er ikkje ei sikker løysing, t.d. kan ytre påverknader utløyse miljøkatastrofer

Regjeringa si manglande vilje til å ta denne trusselen på alvor set store verdier i fare og undergrev Norge sitt omdøme som produsent av trygg og sunn sjømat.

Fleire har presentert løysingar for å heve ubåtvraket. Økonomi kan ikkje vere det som stoppar ei varig og miljøvenleg løysing. Sogn og Fjordane Venstre krev at denne miljøtrusselen må fjernast, og ikkje sendast vidare til kommande generasjonar.